

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 05.12.2023 i Torvmyrane 29.

Møtet tok til kl. 14.00.

Møtet slutt kl.

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
- Anne Ellingsen (gjekk kl 1630 før vedtak i sak 35-23)
- Henriette Hafsaas (frå kl 14.10)
- Ove Myklebust
- Jon Helge Bjørndal
- Jan Henning Egset (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett)

Kommunikasjonsleiar Anne Mette Farstad deltok i møtet

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend. Sak 35-23 vart handsama til slutt utan at dagleg leiar og leiar i rep.skapen var til stades.

### **Sak 30-23    Orientering frå Retura Søre Sunnmøre AS**

**Vedtak:** (5 røysteføre)

Styret tek orienteringa frå Retura Søre Sunnmøre til vitende.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar Øyvind Amdam i Retura Søre Sunnmøre orienterte om:

- Utviding av franchiseområdet
- Utvikling av bilparken
- Involvering i langsiktige strategiske val
- Anleggsbehov, lokalisering og framtidig utviklingsbehov
- Økonomiske tilhøve

### **Sak 31-23 Dagleg leiar sin rapport**

**Vedtak:** (5 røysteføre)

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om:

- Status i organisasjonsprosessen og tilsettingar internt og eksternt
- status i drifta, med kvalitetsoppfølging på glas og endra handtering av restavfallet frå miljøstasjonen
- vidareutvikling av anlegget på Melsgjerdet
- kvalitetsrevisjon
- forsikring
- større tiltak, som overgang til bioposar og innføring av nye behaldarar i fritidsrenovasjonen

### **Sak 32-23 Statusrapport økonomi**

**Vedtak:** ( 5 røysteføre):

Styret tek økonomirapporten og informasjonen til vitende.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

### **Sak 33-23 Betalingsssatsar ved miljøstasjonane. Oppretting av betalingsssatsar for tenester knytt til eigedomsopplysningar.**

**Vedtak:** ( 5 røysteføre):

Styret vedtek slike leveringsvilkår for 2024 for avfall som vert levert av private til miljøstasjonane. Alle prisane er inkl. mva.

1. Følgande fraksjonar kan leverast gratis til miljøstasjonen i Hovden:
  - a. Papir og papp
  - b. Metall
  - c. Hageavfall (*føresett reint og utan framande artar*)
  - d. Farleg avfall
  - e. Elektrisk avfall
  - f. Tekstilar
  - g. Impregnert trevirke (kreosot eller CCA / CA)
  - h. Asbest
  - i. Dekk utan felg

2. For miljøstasjonen i Hovden gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

<b>MILJØSTASJON HOVDEN</b>	<b>Eining</b>	<b>Pris 2023, kr</b>	<b>Pris 2024, kr</b>
Minstepris		75,-	80,-
- restavfall 0-20 kg			
- trevirke 0-30 kg			
Brennbart restavfall	kg	2,70	3,00
Ikkje-brennbart restavfall (keramikk, porselen, glas)	kg	2,70	3,00
Isolasjon og gips	Kg	2,70	3,00
Dekk med felg	Kg	2,70	3,00
Hardplast	Kg	2,70	3,00
Ureint hageavfall / framande artar	Kg	2,70	3,00
Trevirke	kg	2,00	2,50
Mat-/våtorganisk avfall	kg	0	3,00
Papir til makulering	kg	6,50	Ikkje tilbode
Isopor	M3	50,-	50,-
Leige av hengar for transport av avfall	Pr gang	220,-	220,-

Merka sekkar for restavfall vert selt på miljøstasjonen, men ligg per no inne i prislista saman med abonnementsgebyra.

3. For miljøstasjonen på Grodås gjeld slike prisar og leveringsvilkår:

<b>MILJØSTASJON GRODÅS</b>	<b>Eining</b>	<b>Pris 2023, kr</b>	<b>Pris 2024, kr</b>
Personbil inntil 1m3:	Kr	125,00	130,-
Tilhengar eller varebil 1-2 m3	Kr	200,00	200,-
Tilhengar eller varebil 2-4 m3	Kr	400,00	400,-
Tilhengar eller varebil 4-6 m3	Kr	650,00	650,-

Levering av volum over 6 m3: berre etter avtale.

4. Generelle vilkår:

- Private kan levere farleg avfall i Hovden inntil 1000 kg pr år og PCB-haldige isolerglass inntil 500 kg pr. år innanfor gebyret.
- For fleire av fraksjonane gjeld krav til kvalitet og dimensjonar, samt krav til emballering. Informasjon om dette vert gjort tilgjengeleg på heimesida til VØR saman med øvrige leveringsvilkår.

5. Styret ber administrasjonen til første styremøte i 2024 om å greie ut innføringa av ei betalingsteneste knytt til eigedomssopplysningar. Ordninga skal samkøyrast med tilsvarende tenester hos naboselskapa og eigarkommunane.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga, med dei innspela som kom fram i møtet.

**Sak 34-23 Møteplan for 2024**

**Vedtak:** ( 5 røysteføre):

Styret vedtek slike møtedagar i 2024:

- Styret: 13 februar, 26. mars, 4. juni, 24. september, 26. november.
- Representantskapet: 23. april, 28. oktober (måndag)

Administrasjonen vert beden om å finne dato for konstituerande møte i det nye representantskapet i januar 2024.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 35-23 Fastsetting av løn til dagleg leiar**

**Vedtak:** ( 5 røysteføre):

Styret fastset løn til dagleg leiar slik det går fram av lønsprotokollen.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak 36-23 Forbehandling av matavfall i vår region. Framlegging av utarbeidd rapport og drøfting av vidare arbeid. UNNATEKE OFFENTLEGHEIT, jf Off.lova §15**

**Vedtak:** (5 røysteføre)

1. Styret tek rapporten frå Norwaste om forbehandlingsanlegg for matavfall til vitende.
2. Styret ber administrasjonen følgje opp rapporten – i første omgang med eit felles styremøte for dei samarbeidande selskapa, der vidare arbeid med denne saka vert tema. Før eit slikt evt felles styremøte skal styret i VØR samlast for å drøfte saka nærare.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

## Sak 37-23 Referatsaker

**Vedtak:** (5 røysteføre)

Styret tek referatsakene til vitende.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Følgande referatsaker vart framlagde:

- A. Lokale lønsforhandlingar - tilleggsprotokoll
- B. Rapport frå kvalitetsrevisjon ISO 9001 15.11.2023
- C. Endringar i IKS-lova
- D. Skadeoppgjer frå KLP Forsikring på Doppstadt finkvern

## Sak 38-23 Godkjenning av møtebok


**Vedtak** ( 5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 05.12.23 slik den ligg føre.

*Handsaminga:*

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Hovdebygda 05.12.2023


  
Hallvard Bjørneset  
Leiar

Anne Ellingsen  
Nestleiar

  
Henriette Hafsaas

  
Jon Helge Bjørndal

  
Ove Myklebust

  
Hans Peter Eidseflot  
referent